

SLIK SKAFFAR VI SMITTEVERNUTSTYR

Det blir kontinuerleg arbeid for å skaffe smittevernutstyr: munnbind, hanskar, smittevernfrakkar, andedrettvern, augevern, smittedrakter og operasjonsluer.

- ▶ Arbeidet skjer på tre nivå: **nasjonalt, regionalt og lokalt** (i helseføretaka).
- ▶ Utstyret blir enkelt sagt skaffa på to måtar: innkjøp frå leverandørar og oppstart av produksjon.
- ▶ **Nasjonalt** skjer store innkjøp frå utanlandske leverandørar, både frå dei som har levert utstyr tidlegare og leverandørar som har kome til under pandemi-perioden.
- ▶ I Helse Vest blir dette utstyret sendt til eit regionalt lager i Bergens-området. Frå her blir utstyret fordelt til sjukehus og kommunar i regionen.
- ▶ Både **nasjonalt og lokalt** er det gjort avtalar med norske bedrifter om å starte opp produksjon av smittevern-utstyr.
- ▶ **Regionalt** blir det kjøpt inn utstyr frå gamle og nye leverandørar. I Helse Vest har også næringslivet bidratt med utstyr.
- ▶ Helse Vest held kontinuerleg oversikt over kva utstyr vi har samla i regionen og i kvart enkelt helseføretak – og kva vi har behov for i framtida, gitt ulike scenario.
- ▶ Dei **lokale** helseføretaka i Helse Vest gjer i tillegg mange eigne tiltak for å skaffe utstyr – som gjennom innkjøp og avtalar med lokale bedrifter som startar opp produksjon.

